

EUROPAPARLAMENTS- OG RÅDS DIREKTIV 2009/12/EF

2016/EØS/47/99

av 11. mars 2009

om lufthamnavgifter(*)

EUROPAPARLAMENTET OG RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet, særleg artikkel 80 nr. 2,

med tilvising til framlegget frå Kommisjonen,

med tilvising til fråsegna frå Det europeiske økonomi- og sosialutvalet⁽¹⁾,

med tilvising til fråsegna frå Regionutvalet⁽²⁾,

etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 251 i traktaten⁽³⁾, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) Hovudoppgåva og forretningsverksemda til lufthamner er å sikre handteringa av luftfartøy, frå landing til avgang, og av passasjerar og last, for såleis å gjere det mogleg for luftfartsselskapa å utføre lufttransporttenester. For dette føremålet tilbyr lufthamnene ei rekkje anlegg og tenester som er knytte til drift av luftfartøy og handtering av passasjerar og last, og kostnadene i samband med dette vert vanlegvis dekte gjennom lufthamnavgifter. Lufthamnadministrasjonane som tilbyr anlegg og tenester som dei krev inn lufthamnavgifter for, bør streve etter å drive på eit kostnadseffektivt grunnlag.
- 2) Det må innførast ei felles ramme for å regulere dei viktigaste sidene ved lufthamnavgifter og måten dei vert fastsette på, for utan ei slik ramme er det fare for at grunnleggjande

krav i tilhøvet mellom lufthamnadministrasjonane og lufthamnbrukarane ikkje vert oppfylte. Ei slik ramme bør ikkje røre ved det høvet ein medlemsstat har til å avgjere om og i kor stor grad det kan takast omsyn til inntektene frå den kommersielle verksemda i ei lufthamn når lufthamnavgiftene vert fastsette.

- 3) Dette direktivet bør nyttast på lufthamner i Fellesskapet som har ein viss minstestørleik, ettersom det ikkje er naudsynt å nytte noko fellesskapsramme på forvaltinga og finansieringa av små lufthamner.
- 4) I ein medlemsstat der ingen lufthamner overstig minstestørleiken for bruken av dette direktivet, skal lufthamna med det største talet på passasjerer ha ei så privilegert stilling som innreisestad til denne medlemsstaten at dette direktivet må nyttast på denne lufthamna, for å kunne sikre at visse grunnleggjande prinsipp i tilhøvet mellom lufthamnadministrasjonen og lufthamnbrukarane vert følgde, særleg med omsyn til innsyn når det gjeld avgiftene og lik handsaming av lufthamnbrukarane.
- 5) For å fremje territorial utjamning bør medlemsstatane ha høve til å nytte ei felles avgiftsordning som skal omfatte eit lufthamnett. Økonomiske overføringar mellom lufthamner i eit slikt nett bør vere i samsvar med fellesskapsretten.
- 6) Av omsyn til trafikkfordelinga bør medlemsstatane kunne tillate at ein lufthamnadministrasjon i same storby eller storbyområde nyttar ei felles og oversiktleg avgiftsordning. Økonomiske overføringar mellom desse lufthamnene bør vere i samsvar med fellesskapsretten.
- 7) Stimuleringstiltak for å starte nye ruter, t.d. ved å fremje utviklinga av svakt utvikla eller fjerntliggjande regionar, bør berre setjast i verk i samsvar med fellesskapsretten.

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 70 av 14.3.2009, s. 11, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 64/2012 av 30. mars 2012 om endring av EØS-avtalens vedlegg XIII (Transport), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 43 av 2.8.2012, s. 54.

⁽¹⁾ TEU C 10 av 15.1.2008, s. 35.

⁽²⁾ TEU C 305 av 15.12.2007, s. 11.

⁽³⁾ Europaparlamentsfråsegn av 15. januar 2008 (enno ikkje offentleggjort i TEU), felles haldning frå Rådet av 23. juni 2008 (TEU C 254 E av 7.10.2008, s. 18) og haldning frå Europaparlamentet av 23. oktober 2008 (enno ikkje offentleggjort i TEU). Rådsavgjerd av 19. februar 2009.

- 8) Innkrevjing av avgifter for yting av flysikringstenester og lufthamnrelaterte tenester er alt omfatta av høvesvis kommisjonsforordning (EF) nr. 1794/2006 av 6. desember 2006 om fastsettelse av en felles avgiftsordning for flysikringstjenester⁽¹⁾ og rådsdirektiv 96/67/EF av 15. oktober 1996 om adgang til markedet for lufthavnrelaterte tjenester i lufthavnene i Fellesskapet⁽²⁾. Avgifter som vert pålagde for finansieringa av hjelp til passasjerar med funksjonshemming og passasjerar med rørslehemming, er omfatta av europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1107/2006/EF av 5. juli 2006 om funksjonshemmede og bevegelseshemmede personers rettigheter i forbindelse med lufttransport⁽³⁾.
- 9) Rådet for Den internasjonale organisasjonen for sivil luftfart (ICAO-rådet) vedtok i 2004 retningslinjer for lufthamnavgifter som m.a. omfattar prinsippa om kostnadssamband, lik handsaming og ei uavhengig ordning for økonomisk styring av lufthamner.
- 10) ICAO-rådet har vurdert det slik at ei lufthamnavgift er ei avgift som er utforma og nytta spesifikt for å dekkje kostnadene i samband med tilrettelegging av anlegg og yting av tenester for sivil luftfart, medan ein skatt er ei avgift som er utforma for å auke nasjonale eller lokale offentlege inntekter som vanlegvis ikkje vert nytta på sivil luftfart verken på eit generelt eller på eit kostnadsspesifikt grunnlag.
- 11) Lufthamnavgifter bør påleggjast utan skilnadshandsaming. Det bør setjast i verk ein obligatorisk framgangsmåte for jamleg samråd mellom lufthamnadministrasjonane og lufthamnbrukarane som gjev høve for begge partane til å klage til ei uavhengig tilsynsstyresmakt dersom lufthamnbrukarar er usamde i ei avgjerd om lufthamnavgifter eller endring av avgiftsordninga.
- 12) For å sikre upartiske avgjerdar og ein rett og effektiv bruk av dette direktivet bør det skipast ei uavhengig tilsynsstyresmakt i kvar medlemsstat. Styresmakta bør ha alle dei ressursane som er naudsynte med omsyn til personale, sakkunne og økonomiske midlar for å kunne utføre oppgåvene sine.
- 13) Det er særskilt viktig at lufthamnbrukarane jamleg får opplysningar frå lufthamnadministrasjonen om korleis og på kva grunnlag lufthamnavgiftene vert rekna ut. Slikt innsyn vil gje luftfartsselskapa innsikt i kostnadene til lufthamna og kor produktive investeringane til lufthamna er. For at ein lufthamnadministrasjon på korrekt vis skal kunne vurdere krava til investeringar i framtida, bør lufthamnbrukarane påleggjast å melde frå i god tid til lufthamnadministrasjonen om alle prognosar som gjeld drift, utviklingsprosjekt og særskilte behov og framlegg.
- 14) Lufthamnadministrasjonane bør melde frå til lufthamnbrukarane om større infrastrukturprosjekt, ettersom desse har stor innverknad på ordninga eller nivået for lufthamnavgifter. Slike opplysningar bør gjevast for å gjere det mogleg å overvake infrastrukturkostnadene og sikre at høvelege og kostnadseffektive anlegg vert stilte til rådvelde i dei aktuelle lufthavnene.
- 15) Lufthamnadministrasjonane bør få høve til å nytte lufthamnavgifter som svarar til den infrastrukturen og/eller det tenestenivået som vert stilt til rådvelde, ettersom luftfartsselskapa har ei rettkomen interesse i å krevje at kvaliteten på tenestene frå ein lufthamnadministrasjon står i høve til prisen. Tilgangen til eit differensiert nivå for infrastruktur eller tenester bør likevel vere open for alle luftfartsselskap som ønskjer å nytte seg av dei, utan noko form for skilnadshandsaming. Dersom etterspørselen er større enn tilbodet, bør tilgangen fastsetjast på grunnlag av objektive kriterium som sikrar lik handsaming og vert utarbeidde av ein lufthamnadministrasjon. Ei eventuell differensiering av lufthamnavgifter bør vere oversiktleg, objektiv og byggje på eintydige kriterium.
- 16) Lufthamnbrukarane og lufthamnadministrasjonen bør kunne inngå ei tenestenivåavtale om kvaliteten på dei tenestene som vert ytte i byte mot lufthamnavgifter. Forhandlingar om kvaliteten på dei tenestene som vert ytte i byte mot lufthamnavgifter, kan vere ein del av det jamlege samrådet.
- 17) Ordningane for førehandsfinansiering av investeringar i lufthamner varierer i dei ulike medlemsstatane. I medlemsstatar der det finst førehandsfinansiering, bør medlemsstatane eller lufthamnadministrasjonane vise til retningslinjene frå ICAO og/eller innføre eigne vernetiltak.
- 18) Dette direktivet bør ikkje røre ved traktaten, særleg artikkel 81–89.
- 19) Ettersom målet for dette direktivet, som er å innføre felles prinsipp for innkrevjing av lufthamnavgifter ved lufthamner i Fellesskapet, ikkje kan nåast i tilstrekkeleg grad av medlemsstatane ettersom det ikkje er mogleg å innføre ordningar for lufthamnavgifter på nasjonalt plan på ein einsarta måte i heile Fellesskapet, og difor på grunn av omfanget og verknadene av det framlagde tiltaket betre kan nåast på fellesskapsplan, kan Fellesskapet vedta tiltak i samsvar med nærleiksprinsippet slik det er fastsett i artikkel 5 i traktaten. I samsvar med prinsippet om rimeleg samhøve, slik det er fastsett i den nemnde artikkelen, går ikkje dette direktivet lenger enn det som er naudsynt for å nå dette målet —

⁽¹⁾ TEU L 341 av 7.12.2006, s. 3.

⁽²⁾ TEF L 272 av 25.10.1996, s. 36.

⁽³⁾ TEU L 204 av 26.7.2006, s. 1.

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:

Artikkel 1

Føremål

1. I dette direktivet vert det fastsett felles prinsipp for innkrevjing av lufthamnavgifter ved lufthamner i Fellesskapet.

2. Dette direktivet skal nyttast på alle lufthamner på eit territorium som er underlagt traktaten, og som er opne for kommersiell luftfartsverksemd der den årlege trafikken er over fem millionar passasjerrørsler, og på den lufthamna som har flest passasjerrørsler i kvar einskild medlemsstat.

3. Medlemsstatane skal offentleggjere ei liste over dei lufthamnene på territoriet deira som dette direktivet skal nyttast på. Denne lista skal byggje på opplysningar frå Kommissjonen (Eurostat), og ho skal ajourførast kvart år.

4. Dette direktivet skal ikkje nyttast på avgifter som vert innkravde som godtgjering for undervegs- og terminalffysikringstenester i samsvar med forordning (EF) nr. 1794/2006, eller på avgifter som vert innkravde som godtgjering for lufthamnrelaterte tenester som er nemnde i vedlegget til direktiv 96/67/EF, eller på avgifter som er pålagde for finansieringa av hjelp til passasjerar med funksjonshemming og passasjerar med rørslehemming som er nemnde i forordning (EF) nr. 1107/2006.

5. Dette direktivet skal ikkje røre ved den retten som kvar medlemsstat har til å nytte ytterlegare lovgjevingsmessige tiltak som ikkje er i strid med dette direktivet eller andre relevante føresegner i fellesskapsretten med omsyn til lufthamnadministrasjonar på territoriet deira. Dette kan omfatte tiltak for økonomisk kontroll, t.d. godkjenning av avgiftsordningar og/eller avgiftsnivå, medrekna metodar for pålegging av avgifter gjennom stimuleringstiltak eller gjennom føresegner om ei øvre avgiftsgrense.

Artikkel 2

Definisjonar

I dette direktivet tyder

1. «lufthamn» alle område som er spesielt tilpassa landing, avgang og manøvrering av luftfartøy, medrekna tilhøyrande anlegg som kan vere naudsynte av omsyn til lufttrafikken og service for luftfartøy, medrekna anlegg som er naudsynte for å assistere kommersielle flygingar,

2. «lufthamnadministrasjon» eit organ som, eventuelt i samband med anna verksemd, har som oppgåve å administrere og forvalte lufthamna eller infrastrukturane i lufthamnnettet i medhald av nasjonal lover eller forskrifter eller nasjonale avtaler, og å samordne og kontrollere verksemda til dei ulike operatørane ved den aktuelle lufthamna eller det aktuelle lufthamnnettet,

3. «lufthamnbrukar» alle fysiske eller juridiske personar som er ansvarlege for lufttransport av personar, post og/eller frakt til eller frå den aktuelle lufthamna,

4. «lufthamnavgift» ei avgift som lufthamnbrukarane betalar til lufthamnadministrasjonen for bruken av anlegg og tenester som utelukkande vert ytte av lufthamnadministrasjonen, og som er knytte til landing, avgang, lysmerking og parkering av luftfartøy, og for handtering av passasjerar og gods,

5. «lufthamnnett» ei gruppe lufthamner som er tilbørleg utpeikte til dette av medlemsstaten og vert drivne av den same lufthamnadministrasjonen.

Artikkel 3

Lik handsaming

Medlemsstatane skal, i samsvar med fellesskapsretten, syte for at lufthamnavgiftene ikkje medfører skilnadshandsaming av lufthamnbrukarane. Dette skal ikkje vere til hinder for at lufthamnavgiftene kan differensierast når det gjeld spørsmål av offentleg og allmenn interesse, medrekna miljøspørsmål. Kriteria som vert nytta for ei slik differensiering skal vere relevante, objektive og oversiktlege.

Artikkel 4

Lufthamnnett

Medlemsstatane kan tillate at lufthamnadministrasjonen for eit lufthamnnett innfører ei felles og oversiktleg lufthamnavgiftsordning som skal omfatte lufthamnnettet.

Artikkel 5

Felles avgiftsordningar

Etter å ha meldt frå til Kommissjonen og i samsvar med fellesskapsretten kan medlemsstatane tillate at ein lufthamnadministrasjon nyttar ei felles og oversiktleg avgiftsordning for lufthamner i same storby eller storbyområde, på det vilkåret at kvar lufthamn oppfyller dei krava til innsyn som er fastsette i artikkel 7.

*Artikkel 6***Samråd og klagerett**

1. Medlemsstatane skal syte for at det vert innført ein obligatorisk framgangsmåte for jamleg samråd mellom lufthamnadministrasjonen og lufthamnbrukarane eller representantane deira ellersamanslutningar av lufthamnbrukarar, når det gjeld drifta av ordninga for lufthamnavgifter, nivået for lufthamnavgifter og eventuelt kvaliteten på dei tenestene som vert ytte. Slike samråd skal finne stad minst ein gong kvart år, med mindre noko anna er avtalt under siste samråd. Dersom det ligg føre ei fleirårig avtale mellom lufthamnadministrasjonen og lufthamnbrukarane, skal samråda finne stad slik det er fastsett i denne avtala. Medlemsstatane skal ha rett til å be om fleire samråd.

2. Der det er mogleg skal medlemsstatane syte for at endringar i ordninga eller nivået for lufthamnavgifter vert gjort etter avtale mellom lufthamnadministrasjonen og lufthamnbrukarane. For dette føremålet skal lufthamnadministrasjonen sende over alle framlegg til endringar av ordninga eller nivået for lufthamnavgifter, til lufthamnbrukarane, saman med ei grunngjeving for endringsframlegga, seinast fire månader før endringane tek til å gjelde, med mindre det ligg føre uvanlege omstende som må grunngjevast overfor lufthamnbrukarane. Lufthamnadministrasjonen skal halde samråd med lufthamnbrukarane om endringsframlegga, og ta omsyn til synspunkta deira før det vert teke avgjerd. Lufthamnadministrasjonen skal vanlegvis offentleggjere avgjerda eller tilrådinga si seinast to månader før ho tek til å gjelde. Lufthamnadministrasjonen skal grunngje avgjerda si når det gjeld synspunkta til lufthamnbrukarane i tilfelle der lufthamnadministrasjonen og lufthamnbrukarane ikkje vert samde om endringsframlegga.

3. Dersom det oppstår tvist om ei avgjerd som lufthamnadministrasjonen har teke om lufthamnavgifter, skal medlemsstatane syte for at begge partar kan søkje hjelp hjå den uavhengige tilsynsstyresmakta som er nemnd i artikkel 11, og som skal granske grunngjevingane for endringa i ordninga eller nivået for lufthamnavgifter.

4. Dersom lufthamnadministrasjonen tek avgjerd om at ordninga eller nivået for lufthamnavgifter skal endrast, og denne endringa vert lagd fram for den uavhengige tilsynsstyresmakta, skal endringa ikkje ta til å gjelde før styresmakta har granska saka. Den uavhengige tilsynsstyresmakta skal, innan fire veker etter at saka er vorten lagd fram for henne, ta ei mellombels avgjerd om korleis endringa av lufthamnavgifter skal ta til å gjelde, med mindre den endelege avgjerda kan takast innan den same fristen.

5. Ein medlemsstat kan avgjere at nr. 3 og 4 ikkje skal nyttast når det gjeld endringar i nivået eller strukturen til lufthamnavgifter ved dei lufthamnene der:

- a) det i den nasjonale lovgjevinga er fastsett ein obligatorisk framgangsmåte som krev at lufthamnavgifter eller høgstenivået for lufthamnavgifter skal fastsetjast eller godkjennast av den uavhengige tilsynsstyresmakta, eller
- b) det i den nasjonale lovgjevinga er fastsett ein obligatorisk framgangsmåte som krev at den nasjonale tilsynsstyresmakta jamleg eller på oppmoding frå dei partane som det gjeld, skal granske spørsmålet om effektiv konkurranse i slike lufthamner. Når ei slik gransking gjev grunnlag for det, skal medlemsstaten avgjere at lufthamnavgiftene, eller høgstenivået deira, skal fastsetjast eller godkjennast av den uavhengige tilsynsstyresmakta. Denne avgjerda skal nyttast så lenge det er naudsynt, på grunnlag av granskinga som den nemnde styresmakta har gjort.

Dei framgangsmåtane, vilkåra og kriteria som medlemsstaten nyttar med omsyn til dette leddet, skal vere relevante, objektive, oversiktlege og sikre lik handsaming.

*Artikkel 7***Innsyn**

1. Medlemsstatane skal syte for at lufthamnadministrasjonen, kvar gong det skal haldast samråd slik det er nemnt i artikkel 6 nr. 1, gjev kvar einskilt lufthamnbrukar, representanten hans eller samanslutningar av lufthamnbrukarar opplysningar om dei delane som dannar grunnlaget for fastsetjinga av ordninga eller nivået for alle avgifter som vert pålagde av lufthamnadministrasjonen i kvar einskilt lufthamn. Desse opplysningane skal minst omfatte:

- a) ei liste over dei ulike tenestene og infrastrukturane som vert stilte til rådvelde i byte mot dei pålagde lufthamnavgiftene,
- b) den metoden som vert nytta for fastsetjing av lufthamnavgifter,
- c) den samla utgiftsstrukturen med omsyn til dei anlegga og tenestene som lufthamnavgiftene gjeld,
- d) inntektene frå dei ulike avgiftene og dei samla utgiftene til dei tenestene som avgiftene dekkjer,
- e) eventuell finansiering frå offentlege styresmakter av dei anlegga og tenestene som lufthamnavgiftene gjeld,
- f) prognosar for tilhøva ved lufthamna med omsyn til avgifter, trafikkvekst og planlagde investeringar,

- g) den faktiske bruken av lufthamninfrastruktur og -utstyr i eit visst tidsrom, og
- h) det forventta resultatet av alle planlagde større investeringar når det gjeld verknadene deira på lufthamnkapasiteten.

2. Medlemsstatane skal syte for at lufthamnbrukarane sender over opplysningar til lufthamnadministrasjonen før kvart samråd slik det er fastsett i artikkel 6 nr. 1, særleg når det gjeld følgjande:

- a) trafikkprognosar,
- b) prognosar for samansetnaden av og den forventta bruken av flåten deira,
- c) utviklingsplanane deira for den aktuelle lufthamna, og
- d) behova deira ved den aktuelle lufthamna.

3. Med atterhald for nasjonal lovgjeving skal opplysningar som vert gjevne på grunnlag av denne artikkelen, reknast som fortrulege eller økonomisk følsame og handterast i samsvar med dette. I tilfelle der lufthamnadministrasjonane er børsnoterte, skal særleg børsreglane oppfyllest.

Artikkel 8

Ny infrastruktur

Medlemsstatane skal syte for at lufthamnadministrasjonen rådfører seg med lufthamnbrukarane før planane for nye infrastrukturprosjekt vert gjennomførte.

Artikkel 9

Kvalitetsstandardar

1. For å sikre smidig og effektiv drift av ei lufthamn skal medlemsstatane gjere dei tiltaka som er naudsynte for at lufthamnadministrasjonen og representantane deira eller samanslutningar av lufthamnbrukarar skal kunne innleie forhandlingar med sikte på å inngå ei tenestenivåavtale med omsyn til kvaliteten på dei tenestene som vert ytte i lufthamna. Desse forhandlingane om kvalitet på tenester kan finne stad som ein del av dei samråda som er nemnde i artikkel 6 nr. 1.

2. I alle slike tenestenivåavtaler skal det fastsetjast kva tenestenivå lufthamnadministrasjonen skal stille til rådvelde, samstundes som det vert teke omsyn til den ordninga eller det nivået for lufthamnavgifter og det tenestenivået som lufthamnbrukarane faktisk har rett til i byte mot lufthamnavgiftene.

Artikkel 10

Differensiering av tenester

1. Medlemsstatane skal gjere dei tiltaka som er naudsynte for at lufthamnadministrasjonen skal kunne variere kvaliteten

og omfanget av visse lufthamntenester, terminalar eller delar av terminalar, slik at det kan ystast brukartilpassa tenester, eller slik at ein terminal eller ein del av ein terminal kan setjast av til særlege føremål. Nivået for lufthamnavgifter kan differensierast etter kvaliteten på og omfanget av slike tenester og kostnadene deira, eller etter andre objektive og oversiktlege grunngevingar. Med atterhald for artikkel 3 skal lufthamnadministrasjonane fritt kunne fastsetje alle slike differensierte lufthamnavgifter.

2. Medlemsstatane skal gjere dei tiltaka som er naudsynte for at alle lufthamnbrukarar som ønskjer å nytte seg av brukartilpassa tenester eller nytte ein terminal eller del av ein terminal som er sett av til særlege føremål, skal ha tilgang til desse tenestene og ein slik terminal eller del av ein terminal.

Dersom det ikkje er tilstrekkeleg kapasitet til å gje alle lufthamnbrukarar som ønskjer det, tilgang til dei brukartilpassa tenestene og/eller til ein terminal eller del av ein terminal som er sett av til særlege føremål, skal tilgangen fastsetjast på grunnlag av kriterium som er relevante, objektive, oversiktlege og sikrar lik handsaming. Desse kriteria kan fastsetjast av lufthamnadministrasjonen, og medlemsstatane kan krevje at kriteria vert godkjende av den uavhengige tilsynsstyresmakta.

Artikkel 11

Uavhengig tilsynsstyresmakt

1. Medlemsstatane skal oppnemne eller skipe ei uavhengig styresmakt som si nasjonale uavhengige tilsynsstyresmakt for å sikre korrekt bruk av dei tiltaka som er gjorde for å oppfylle dette direktivet, og for minst å utføre dei oppgåvene som dei er tildelte i medhald av artikkel 6. Ei slik styresmakt kan vere den same som den som ein medlemsstat har pålagt å nytte dei lovgjevingsmessige tiltaka som er nemnde i artikkel 1 nr. 5, medrekna godkjenning av avgiftsordninga og/eller nivået for lufthamnavgiftene, på det vilkåret at ho oppfyller dei krava som er nemnde i nr. 3 i denne artikkelen.

2. I samsvar med nasjonal lovgjeving skal dette direktivet ikkje vere til hinder for at den uavhengige tilsynsstyresmakta, under eige tilsyn og på fullt ansvar, kan delegera gjennomføringa av dette direktivet til andre uavhengige tilsynsstyresmakter, på det vilkåret at gjennomføringa finn stad i samsvar med dei same standardane.

3. Medlemsstatane skal garantere at den uavhengige tilsynsstyresmakta er uavhengig ved å sikre at ho er rettsleg skild frå og i verkemåte uavhengig av alle lufthamnadministrasjonar og luftfartsselskap. Medlemsstatar som held ved lag eigedomsretten til lufthamner, lufthamnadministrasjonar eller luftfartsselskap, eller som kontrollerer lufthamnadministrasjonar eller luftfartsselskap, skal syte for at dei funksjonane som gjeld slik eigedomsrett eller slik kontroll, ikkje er knytte til den uavhengige tilsynsstyresmakta. Medlemsstatane skal syte for at den uavhengige tilsynsstyresmakta utøver avgjerdsmakta si på ein upartisk og oversiktleg måte.

4. Medlemsstatane skal sende over til Kommissjonen namnet og adressa til den uavhengige tilsynsstyresmakta, saman med opplysningar om tildelte arbeidsoppgåver og ansvarsområde og dei tiltaka som er gjorde for å sikre samsvar med nr. 3.

5. Medlemsstatane kan innføre ei finansieringsordning for den uavhengige tilsynsstyresmakta som kan innebere at lufthamnbrukarane og lufthamnadministrasjonane vert pålagde ei avgift.

6. Med omsyn til tvistar som er nemnde i artikkel 6 nr. 3, skal medlemsstatane syte for at det vert gjort tiltak for å:

- a) innføre ein framgangsmåte for å løyse tvistar mellom lufthamnadministrasjonen og lufthamnbrukarane,
- b) fastsetje vilkåra for at ein tvist skal kunne leggast fram for den uavhengige tilsynsstyresmakta. Styresmakta skal særleg avvise klager som ho vurderer for ikkje å vere godt nok grunnjevne eller tilstrekkeleg dokumenterte, og
- c) fastsetje dei kriteria som tvistar skal vurderast etter med sikte på ei tvisteløysing.

Desse framgangsmåtane, vilkåra og kriteria skal sikre lik handsaming og vere oversiktlege og objektive.

7. Når den uavhengige tilsynsstyresmakta granskar grunngevinga for endring av ordninga eller nivået for lufthamnavgifter slik det er fastsett i artikkel 6, skal den uavhengige tilsynsstyresmakta ha tilgang til dei opplysningane som er naudsynte, frå begge dei partane som det gjeld, og skal rådføre seg med desse partane for å kunne ta avgjerda si. Med atterhald for artikkel 6 nr. 4 skal ho ta ei endeleg avgjerd så snart som råd, og under alle omstende innan fire månader frå saka vart lagd fram. Denne fristen kan unntaksvis og i tilbørleg grunnjevne tilfelle lengjast med to månader. Avgjerdene til den uavhengige tilsynsstyresmakta skal vere bindande, utan at det rører ved ei eventuell parlamentarisk eller rettsleg gransking i samsvar med dei gjeldande føresegnene i medlemsstatane.

8. Den uavhengige tilsynsstyresmakta skal offentleggjere ein årleg rapport om verksemda si.

Artikkel 12

Rapportering og revisjon

1. Kommissjonen skal innan 15. mars 2013 sende over til Europaparlamentet og Rådet ein rapport om bruken av dette direktivet, med ei vurdering av den framgangen som er gjort for å nå målet for direktivet og eventuelt med framlegg til føremålstenlege tiltak.

2. Medlemsstatane og Kommissjonen skal samarbeide om bruken av dette direktivet, særleg når det gjeld innsamlinga av opplysningar til den rapporten som er nemnd i nr. 1.

Artikkel 13

Innarbeiding i nasjonal lovgjeving

1. Medlemsstatane skal innan 15. mars 2011 setje i kraft dei lovene og forskriftene som er naudsynte for å rette seg etter dette direktivet. Dei skal straks melde frå til Kommissjonen om dette.

Når desse føresegnene vert vedtekne av medlemsstatane, skal dei ha ei tilvising til dette direktivet, eller det skal visast til direktivet når dei vert kunngjorde. Medlemsstatane fastset korleis tilvisinga skal gjerast.

2. Medlemsstatane skal sende Kommissjonen teksta til dei viktigaste internrettslege føresegnene som dei vedtek på det området som dette direktivet omfattar.

Artikkel 14

Ikraftsetjing

Dette direktivet tek til å gjelde dagen etter at det er kunngjort i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Artikkel 15

Adressatar

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Strasbourg, 11. mars 2009.

For Europaparlamentet

H.-G. PÖTTERING

President

For Rådet

A. VONDRA

Formann